

## **REFERAT DIGITALT MØTE I AK, 18.06.20 (MØTE NR. 04)**

Tid: 20.00-21.00

Til stades: Roger, Peder, Magne, Per Asbjørn.

Fråfall: Nina meldt fråfall, Erik kom ikkje inn i møte.

Til innlogging fekk leiar hjelp av Peder med link i siste liten, og sakliste var berre skissert tidlegare.

### **Sak 26 19-21: Info frå dialogmøte NSF-AK:**

Leiar informerte kort om viktige saker som det vart informert om;

Slik det ser ut pr no går renn i aldersbestemte klasser som normalt til vinteren, sannsynligvis norske FIS-renn også.

Ser behov for meir utfortrenning før HL, fleire alternativ til dette jobbast det med.

Stort press frå dei store alpin-nasjonane om å senke FIS alder til 15 år, Norge m.fl jobbar imot.

### **Sak 27 19-21: Oppsummering av vårsamlingane.**

Ein er fornøgd med opplegget som vart gjennomført i Sogndal Skisenter. Lokalt tilbod med rimelege samlingsdøgn.

### **Sak 28 19-21: Plan for ski-samlingar i august og september.**

August: 13.08-16.08 Juvass.

September: 17.09-20.09 Juvass.

Begge samlingane i samarbeid med Fana, med Bjørnar og Christina m.fl som trenarar. Endringar kan kome avh av påmelding.

Roger sjekkar detaljer kring samlingane, slik at vi kan gå ut med info innan juni.

Per Asbjørn sjekkar med Ingrid om ho kan publisere info om samlingane, med info om påmelding pr. e-post til Roger/ Peder.

### **Sak 29 19-21: Forslag til førebels samlingsplan.**

Denne samlingsplanen er laga av Bjørnar og Christina der dei er hovudtrenarar, og utøvargruppa inkluderer aktive frå SFSK, Fana og Stabekk. Denne planen gjer at vi har eit opplegg på ski utanfor fylket, samt at vi også har eit opplegg for Pre-camp og mesterskap.

Dei to trenarane kan også nyttast i fylket om vinteren, om behov. AK ser på planen som eit godt utgangspunkt, og gir tilbakemelding om at vi vil delta på samarbeidet.

### **Sak 30 19-21: Barmark.**

Enighet om å starte barmark-samlingane til hausten. Prøver å få Andrine med på ei tidleg samling, der ho kan gå gjennom barmarks-opplegget ho har laga. Tek igjen planlegginga av dette til eit møte i august.

### **Sak 31 19-21: Trenarsituasjon haust og vinter.**

Eilert er usikker på omfang, men er med ein del.

Anders er med lokalt i vinter.

Dei andre lokale trenarane håpar vi vil bidra, men tek igjen dette til hausten.

Bjørnar og Christina er med på alt på den førebelse samlingsplanen, inkl pre-camp og mesterskap.

### **Sak 32 19-21: Påløpte kostnader sidan adm.sjef vart permittert.**

Kostnader vert betalt ut når adm.sjef er tilbake i full stilling, dette gjeld bl.a:

barmarksopplegget laga av Andrine, trenar-honorar på vårsamlingane, og div andre kostnader på vårsamlingane.

Referent: Per Asbjørn Felde